



HØGSKOLEN I AGDER
Studieseksjonen

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Sentraladministrasjonen
Gimlemoen 25 A, Serviceboks 422
4604 KRISTIANSAND
Telefon: 38 14 10 00
Telefaks: 38 14 10 01
Direkte innvalg: 38 14 10 12
Org.nr.: 970 546 200 MVA

Deres ref.: 200700564-/ITS

Vår ref.: 07/174
008

Dato: 2. mai 2007

Høringsuttalelse - godkjenning og godskriving av høyere utdanning i Norge

Høgskolen har mottatt til høring Innstilling fra utredningsutvalg for godkjenning og godskriving av høyere utdanning i Norge. Høgskolen slutter seg til alle forslag fra utvalget/flertallet i utvalget. I tillegg har vi utarbeidet noen merknader som spesielt tar for seg problemstillinger knyttet til lærerutdanning. Disse følger som innspill fra høgskolen:

”Kommentarer fra en arbeidsgruppe ved Høgskolen i Agder til Innstilling fra Utredningsutvalg for godkjenning og godskriving av høyere utdanning i Norge

Størstedelen av den 77 siders innstillinga går med til omtale av tidlegare og gjeldande retningslinjer og praksis på området og gjev godt oversyn over eit komplisert område.

Til pkt. 1.2.

Utvalet har ikkje drøft ordningane for godkjenning av utanlandsk allmennlærer- og førskolelærerutdanning, men går ut frå at denne gruppa er stor. Utvalet meiner at godkjenningsområda for allmennlærer- og førskolelærarar samt autorisasjon for arbeid innan helseområdet ”med fordel kunne vært gjennomgått i større bredde.” Heller ikkje har utvalet gått inn på å drøfte behov for supplerande utdanning for desse yrkesgruppene. Det same gjeld behovet for ulike typar norsktestar.

Kunnskapsdepartementet bør få signal om at det snarast bør setjast i gang arbeid også på desse felta. Eit departementsstøtta samarbeidsprosjektet mellom 8 høgskolar om å gje lærarar med utdanning frå utlandet formell undervisningskompetanse i norsk skoleverk har gått nokre år (Faglærerutdanning for lærarar med utdanning frå utlandet – Bachelor) Meir om tiltaket finst på nettsida <http://www.hino.no>. Nye tiltak og andre tilnærmingsmåtar bør også vurderast.

Til pkt. 2.3.3.

Frå 1. januar 2007 blir Utdanningsdirektoratet sentral instans for godkjenning av yrkeskvalifikasjonar for lærarar med utanlandsk utdanning og får ansvar for klagenemnd.

Når det gjeld barnehageområdet, arbeider departementet med forskrifter om blant anna godkjenning av utanlandsk førskolelærerutdanning.

Sentraladministrasjonen	Gimlemoen 25 A, Serviceboks 422	4604 Kristiansand	Tlf 38 14 10 00	Faks 38 14 10 01
Kontor	Grooseveien 36	4876 Grimstad	Tlf 37 25 30 00	Faks 37 25 30 01
Kontor	Sykehusveien 4, Serviceboks 604	4809 Arendal	Tlf 38 14 10 00	Faks 38 14 10 01
Internasjonalt Kontor	Gimlemoen 25 A, Serviceboks 422	4604 Kristiansand	Tlf 38 14 10 00	Faks 38 14 10 31
Internasjonalt Kontor	Grooseveien 36	4876 Grimstad	Tlf 37 25 32 00	Faks 37 23 32 01

Vonleg vil desse tiltaka gjere det lettare og mindre tidkrevjande for utanlandske lærarar å få arbeid som allmenn-/førskolelærar.

Til pkt. 3.1.3.

Ingen merknad til utvalets framlegg, berre eit ynskje om at ei eventuell ny departemental arbeidsgruppe ikkje må seinke arbeidet med å få utanlandske lærarar med kompetanse og undervisningsrøynsle i arbeid i skole og barnehage.

Til pkt 3.5.2 og 3.

Vi støttar utvalets vurdering om at det er viktig for utanlandske lærarar å få målretta språkopplæring, og at departementet bør ta eit initiativ.

Til kap. 5.

GSU-lista er ein viktig arbeidsreiskap som høgskolane treng, som dei ikkje må misse, og som stendig må gjerast betre.

Til kap 6 Informasjon

Utvalets summering frå s. 70 samt vurdering i pkt. 6.2 og framlegg i pkt. 6.3 støttast fullt ut.”

Vennlig hilsen

Bjørn J. Monstad
studiedirektør
(sign.)